



## Næringsutviklar Innovangsjon

*Innovangsjon SA jobbar mot 1724 innbyggjarar i Vang kommune innan år 2020. Næringsutvikling i kommunen er hovudnøkkelen for å nå dette målet og vi søker no etter ein framoverlent person til 100% fast stilling som næringsutviklar.*

I tospann med dagleg leiar/Innovangsjonsminister står du for drifta av Innovangsjon. Utvikling av eksisterande næringsliv og starthjelp til ny næring i Vang er viktigaste arbeidsområde.

Å jobbe med innovasjon og entrepenørskap i «gründerbygda» Vang betyr ein sær s variert kvardag. Den eine dagen kan du legge fram ein ide for Innovasjon Norge, mens du neste dag er ute hjå ei bedrift i Vang eller sit fordjupa i ein søknad. Stikkord vi ser etter hjå næringsutviklaren er initiativrik, driftig, ryddig, effektiv, inkluderande og motiverande. Du evner å jobbe både mot egne og andres mål, og ynskjer å oppnå resultat raskt.

Vi ynskjer relevant erfaring frå næringsliv, næringsutvikling eller høgare utdanning.

Arbeidsstad er Kontorfelleskapet 1724 i Vang sentrum. Bedriftsbesøk i Vang og møteverksemd utanfor kommunegrensa er ein naturleg del av kvardagen.

Oppfølging, nyetablering, utvikling, møteplassar, kontaktpunkt, finansiering, søknader m.m. er naturlege stikkord for jobben som næringsutviklar. Når det er sagt vert stillinga forma av kompetansen til den som får jobben.

Søknad og CV sender du til Innovangsjonsminister Hallgrim Rogn - [hallgrim@vangivaldres.no](mailto:hallgrim@vangivaldres.no) – 41222769.

Same stad kan du rette alle spørsmål om stillinga eller livet i Vang.

Søknadsfrist: **25.06.2015**

Lønn etter avtale.

### Om Innovangsjon

Samvirkeføretaket Innovangsjon SA vart stifta 20. april 2011 av Vang Sparebank og Vinjerock. Gjennom fokus på trivsel, integrering, næringsutvikling, bustadutvikling og marknadsføring av kommunen er målet å auke folketalet i kommunen.